

RÅDSVEDTAK

2008/EØS/23/16

av 20. desember 2004

om endring av vedtak 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernbeuing(*)

(2005/12/EF)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽¹⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernbeuing⁽²⁾ vart det for tidsrommet 1. januar 2000-31. desember 2004 innført eit fellesskapstiltak med sikte på førebygging, førebuing og hjelpeaksjonar i samband med naturkatastrofar og menneskeskapte katastrofar både på land og på havet.
- 2) Hendingar i den seinaste tida, som t.d. flaumane i Sentral- og Aust-Europa sommaren 2002, ulukka med Prestige i Spania i november 2002 og varmebølgja og dei omfattande skogbrannane i Sør-Europa sommaren 2003, viser at tiltaket som vart innført på fellesskapsplan på området katastrofevernbeuing i medhald av vedtak 1999/847/EF, bør halde fram.

- 3) For å unngå avbrot mellom tidspunktet då vedtak 1999/847/EF går ut og tidspunktet då eit nytt rettsleg grunnlag kan nyttast, er det naudsynt å lengje det handlingsprogrammet som vart skipa ved vedtak 1999/847/EF, i eit tidsrom på to år.

- 4) Vedtak 1999/847/EF bør difor endrast —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 1999/847/EF vert det gjort følgjande endringar:

- a) I artikkel 1 nr. 1 vert «31. desember 2004» bytt ut med «31. desember 2006».
- b) I artikkel 2 nr. 3 skal første leddet lyde:
«Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av programmet er 7,5 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2000-31. desember 2004, og 4,0 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2005-31. desember 2006.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. desember 2004.

For Rådet

P. VAN GEEL

Formann

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 6 av 8.1.2005, s. 7, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 89/2005 av 10. juni 2005 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 13.10.2005, s. 15.

⁽¹⁾ Fråsegn gjeven 15. desember 2004 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

⁽²⁾ TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53.